

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 05.09.2018
Vår ref.: 2018/12222-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn i samband med søknad om grøfting på gnr 57 bnr 4, 5 og 12- Meland kommune

Me visar til brev datert 21.06.2018. Me seier oss leie for seint svar i saka. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med dei omsøkte grøftene. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.